



Referat frå årsmøte 2012

Volda Turisthotell 14. februar 2013 – kl 19.00 – 21.30

Frammøtte: 20 medlemmer med stemmerett.

1. Opning, godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga gjennom lysing i MØRE, oppslag på Rotsethamna og på heimesida, vart godkjent uten noko merknader.

2. Val av møteleiar og referent.

Møteleiar: Øyvind Hagen

Referent: Arild Fjukstad

Skrive under referatet. Ottar Brudevoll og Ottar Bjørneset.

3. Årsmelding for 2012 frå styret.

Årsmeldinga vart lesen av Øyvind Hagen.

Komentorar til årsmeldinga:

Ottar Brudevoll etterlyser kjettingar og til vedlikehald.

Spørsmål om søknad til Kystverket, denne skal inn kvart 5 år.

Diskusjon vedr straumkoblinger som ikkje er lovlige. Årsmøtet er enig om at dette må avviklast. Årsmeldinga godkjent.

4. Rekneskap for 2012.

Jan Lidvar Vikestrand var sjuk under årsmøtet,

Årsrekneskapet for 2012 vart gjennomgått av Øyvind Hagen.

Revisor Trond Lillebø har vore mykje ute på reise, derfor vart ikkje kommentarar til rekneskapet ferdig til årsmøtet.

Årsmøte godkjende rekneskapet under forutsetning av at kommentarar vert levert frå revisor.

5. Fastsetting av hamneavgift, kontingent, breiddemeter for 2013.

Det vart stilt krav frå årsmøte om skrifteleg avstemming på sak 1 og 2.

Framlegg for 2013

1) Hamneavgift/kontingent: For medlemar med fast plass kr. 1500,-

For medlemar utan fast plass kr. 700,-

Styret sitt framlegg vart godkjent med 17 mot 3 stemmer.

2) Kjøp av båtplass: 1 breiddemeter..... kr. 17000,-

Rune Eikrem orienterte årsmøte kvifor styret har foreslått å auke meterprisen til kr 17.000,-

Styret sitt framlegg vart godkjent med 12 mot 8 stemmer.

3) Utleie av eigen båtplass..... kr.25 pr breiddemeter

4) Likviditeten til småbåtlaget må styrkast, vi har hatt ein del store kostnader i året som gjekk med bla Magerøyvorren og auke i forsikringspremie.

Fornyng og reparasjon av blant anna staumsøyler jmf elk kontroll frå Tussa.

Breiddemeterprisen regulerast frå kr.14.500,- til kr.17.000,- som igjen betyr at kvar medlem må betale inn kr.2000,- pr. breiddemeter båtplass ein har i dag.

Kvar medlem får dermed kr.500,- (17000,- - 14500,- - 2000,- = 500) som er 25% i umiddelbar avkastning på "investert ny kapital" pr. breiddemeter.

Sum for dette utgjer (ca) 466 breiddemeter (summert for begge hamnene) X kr.2000,-
= (Ca)kr.932000,-

Øyvind gjekk deretter igjennom budsjettet for 2013 som vart godkjent av årsmøtet.

KAFFEPAUSE med kulturelt innslag.

Tore Årflot og Frode Sætre holdt eit koselig og interessant innslag,der dei fortalte frå og om boka «Frå Tare til Topp»

6. Val

Årsmøtet kan ikkje godkjenne forslaget frå valnæmnda då der ikkje ligg føre forslag til leiar.

Eiliv Kvammen vart valgt til ny medlem av valnemnda.

Styret må med dette kalle inn til ekstraordinært årsmøte, dette vert avholdt på Porse Torsdag den 14 mars.

7. Innmelde saker:

Ingen innmeldte saker til årsmøtet.

Volda den 14.02.2013

Ottar Brudevoll

Ottar Bjørneset